

Utleige av kafé, Lærdal Kulturhus

Anlegget Lærdal Kulturhus inneheld Norsk Villakssenter, Sogn Kunstsenter, Lærdal turistinformasjon, kafeteria, kultursal og Lærdal Musikkproduksjon AS. Anlegget er altså ein mangfaldig turistattraksjon sentralt plassert på Lærdalsøyri, som formidlar både villaksen si historie, kunst og kultur av lokalt, nasjonalt og internasjonalt format.

Lærdal kommune søker etter nytt vertskap til kafeen i Lærdal Kulturhus.

Kafeen ligg sentralt i anlegget og er serveringstilbod for kulturhuset, villakssenteret, kunstsenteret og turistinformasjonen. I og med at Lærdal Kulturhus ligg så sentralt plassert på Lærdalsøyri, vil kafeen sjølvsagt også ha andre reisande og lokalbefolkninga som målgruppe.

Kafeen rommar i dag ca. 80 gjester og har uteserveringsplass med kveldsol. I tillegg omfattar lokala kjøken, kjøl, frys og lager. Lokala vert utleigde fullt utstyrte med møblar og inventar. Utvidingsmoglegheiter. Det er også mogleg å leige kontor i anlegget.

Det vil i ein leigeavtale bli stilt vilkår om at kafeen er open i sesongen innanfor opningstida til Norsk Villakssenter og Sogn Kunstsenter. Vidare vil det bli stilt vilkår om at kafeen er open i samband med arrangement i kulturhuset.

Når det gjeld profil, innhald i serveringa og andre aktivitetar i kafeen, er kommunen open for å diskutere tankar og idear med potensielle drivarar. Innhaldet i serveringstilbodet kan gjerne avspegle attraksjonane i bygget.

Leigesum etter forhandlingar.

Vi ber om at interesserte melder seg skriftleg til Lærdal kommune, boks 83, 6886 Lærdal, innan 5. mars 2012. Vi ber om at det vert lagt ved ei enkel skisse om tankar og idear for innhald og drift av kafeen.

For nærare informasjon, ta kontakt med rådmann Alf Olsen 57641210.